

Kyrkjebladet

for Bremanger 2. nov. 2021

Årg. 97



Støtt
kyrkjebladet!
Vipps
696974

Vigsel i Bremanger kyrkje 14. august 2021.

Brudeparet Sima Therese Førde og Kjetil Sandvik Kvalheim.

«Vi hadde ei kjempefrott bryllupshelg!»

Ei kroppsleg jul



Det vart ein underleg julaftan for eitt år sidan. Det var koronatid og grenser for det meste på alle kantar. Dersom vi ville samlast i kyrkja, kunne vi berre møtast veldig få. Nokon trassa vêr og vind og heldt gudstenesta utandørs, men dei fleste heldt seg nok heime. Eg håpar vi ikkje får oppleva slike tilstandar ein gong til.

For viss det verkeleg er ei tid på året der vi må møtast fysisk og kroppsleg, ta kvarandre i handa, og gjerne òg gi kvarandre ein skikkeleg klem, så må det vel vera i jula. Jul handlar nemleg om kropp og om nærvær.

Vi feirar at Guds Son vart menneske og lagt i krubba. Jesus var eit heilt vanleg barn til finger-spissane – og samtidig noko så uvanleg som ein halv meter Gud, lagt på strå og utlevert til Mari-as og Josefs omsorg. Guds Son vart eit foster og

eit spedbarn, hjelpelaus og hjelpetrengande. Slik vi alle kom inn i verda, og var avhengige av å bli tekne imot på ein god måte.

Når jula handlar om noko så fysisk og så kroppsleg som dette, blir det ikkje heilt det same å feira denne hendinga framfor kvar vår skjerm. Det er mykje bra som blir formidla på nettet og på TV ved juletider, og for den som sjølv ikkje kan komma til kyrkja er skjermen mykje betre enn ikkje noko. Men når vi feirar at Guds Son kom til verda i ein liten gutekropp, er det ingen ting som kan erstatta den fysiske og kroppslege samlinga.

Gud søker oss som heile menneske, så lat oss møte han slik. Difor håpar eg at du som les dette tek på deg (regn)frakken eller kåpa, og tekturen til kyrkja denne jula. Kom gjerne på julafutan! Men sjølve dagen, Jesu fødselsdag, er faktisk 25. desember – og vi held fest den dagen òg.

Nokon av oss har det slik i jula at vi gjerne vil komma til kyrkja, men nøler fordi vi er usikre på om det er riktig. Trua kjennest for liten og tvilen for stor, eller det er andre grunnar til at ein ikkje passar inn. Viss du er blant dei som tenker slik, seier eg: Det er ikkje trua vår vi feirar, men at Gud er komen til oss. Og om trua vår er svak, og det er den ofte, så er Guds nærvær likevel heilt og sterkt og utan noko etterhald.

Så når Gud vil møta oss alle i kyrkja, er det grunn god nok til å komma. Slik hyrdingane kom til stallen og tilbad, sjølv om dei nok ikkje heilt forstod kva dei var med på.

Men kan du ikkje komma til kyrkja, så vêr trygg på at Gud uansett vil møta deg der du er og dela dagane dine med deg. For etter den første jula, då Guds Son vart menneske, er det ingen menneske og ikkje noko menneskeleg som er framand for Han.

Eg ønsker deg og alle dine ein glad og velsigna jul!

**Halvor Nordhaug
Biskop i Bjørgvin**

Jule- åndakt

Frå mine barneår på Jæren hugsar eg då mine eldre søskjen kom heim til jul, kyrkjebe-søka hugsar eg spesielt. Eit av mine barnebarn sa nyss til meg i ei kyrkje: «Her er så stille». «Her er det godt å vere».

Kyrkjer blir gamle, treng vedlikehald eller dei ramlar ned. Men kyrkjelydane våre er ikkje hus, men levande menneske. Opp til på 300-talet e.Kr. trong ikkje kristne eigne hus å samlast i til gudsteneste, dei brukte heima-ne sine. Ordet kyrkje, kjem av det greske ordet 'kyriakos' som betyr 'det som høyrer Herren til'. Gud vil vere Herre over hjartet våre, ja over heile livet, 7/24, og ikkje berre over bygningar eller tida vi er til gudstenes-te. Heile livet vårt skal vere Gud til takk og ære. Å lengte etter å kome til kyrkje er eit teikn på at trua lever.

Trua kan vekse fram når ein bed, les i Bibelen eller går til kyrkje, – men truande blir ein først når ein får møte Gud, som kan tilgje oss syndene for Jesu skuld. Korleis dette som skjedde med Jesus, kan gje oss menneske frelse og evig liv, det for-står vi ikkje. Men det vi forstår, er å ta imot og erfare Guds kjærleik som gjev nytt mot, ny retning i livet og evig liv.

«Det folket som vandrar i mørket skal få sjå eit stort ljós». Jesus blei fødd som eit ubeskytta barn i ei mørk verd. Mørket sin første var ute etter å freiste og drepe Jesus. Men i Guds hender var Jesus trygg. Med Jesus som vår frelsar og konge kan vi og vere trygge, uansett kva som vil møte oss.

Med julekos prøver vi å lukke smerter ute. Vi klarer det ikkje, – soldatar marsjerer, bomber går av og ulukker skjer.

Kor er det håp og fred å finne? Ei ny barne-julesalme i salmeboka på nr. 56: «Ei krubbe var vogga» set ord på dette.

1. vers er av ein ukjend amerikanar. Vers 2–3 er skrive av Eivind Skeie.

V.2 Så enkelt og stille kom Gud til vår jord, så høgt er eg elsa av Jesus min bror.

Han kom frå Guds himmel, Gud sjølv var han lik, men Jesus var fattig og eg er blitt rik.

V.3 Frå krubba til krossen gjekk veggen for deg, slik opna du porten til himlen for meg.

Velsign oss, ver med oss, gje ljós på vår veg, så alle kan samlast i himlen hjå deg.



Fungerande sokneprest Stein Oltedal med den nye messekakelen som Rugsund sokneråd har skaffa til kyrkja.

JULEHELSING FRÅ ORDFØRAREN



Jula er like om hjørnet. Når eg var lita var spenninga og tida før jul med julevask, julebakst og kjøp av julegåver det som gjorde ventetida ekstra stas. Når jula endeleg

kom var heile familien samla, vi et god julemat, spela spel og kosa oss i lag. Tradisjonen med nissebesøk, gang rundt juletreet, julebesøk og juletrefest gjorde det ekstra spennande for oss ungane.

Jula er oftast ei tid for glede med fine stunder saman med familie, og venner. Ei tid der vi senkar skuldrane, og finn tid til ettertanke for året som er gått.

Det er dessverre ikkje slik at alle klarer å finne dei gode tankane, og hendingane å glede seg over.

Dette finst det ulike grunnar til, nokon

har, eller har hatt ein barndom med därlege oppvekstvilkår. Nokre vert utsett for vald, mobbing eller sjikane, og somme føler seg kanskje mykje åleine i kvardagen. Slik skal det ikkje vere, men det skjer likevel.

Derfor er det spesielt viktig no i julehøgtida å gjere ein ekstra innsats for den som treng det mest.

Det som er fint, og er likt for oss alle er at vi treng nokon som bryr seg. Alle treng nokon som ser deg og inkluderer deg i lokalmiljøet vårt. Vi er ikkje alltid like gode til dette, men om vi saman gjer ein innsats, vil vi lukkast.

Tenk om vi alle i løpet av denne jula besøker, eller innviterar ein nabo som ville sett pris på å bli sett, og inkludert. Ja, då kan nettopp du bidra til å gje ein i nabologat ditt rom for gode tankar, og hendingar å glede seg over!

Eg ynskjer dykk alle saman ei fredeleg julehelg, og deler med dykk ein av mine favoritt julesongar.

Hugs at alle treng varme og omtanke for å kunne skine!

Sonjas sang til julestjernen

Mel: Egil Monn-lversen

Tekst: Axel Helgeland

Julestjerne får deg? Sa en gang en liten pike
Ville gi et kongerike For å kjenne deg

Julestjerne gå din vei! Sa en bitter konge siden
Mørk ble du, og mørk ble tiden Må du gjemme deg?

Julestjerne kom, til meg! Du har voldt oss sorg og smerte
Se nå gir jeg deg mitt hjerte La meg tenne deg!

Julestjerne, bli oss meg! Det er godt å se deg skinne
Du må aldri mer forsvinne Aldri glemme meg.



DØYPT I TIPPOLDEMOR SIN DÅPSKJOLE



FIRE GENERASJONAR: Vesle Isabell i dåpskjolen som tippoldemor Petra Sofie Frøyen sydde for 86 år sidan. Her saman med mamma Silje Mikarlsen Dahl, pappa Kjetil Førde, farmor Nina Grotle og oldemor Annlaug Førde.

Vesle Isabell vart døypt i Bremanger kyrkje 27. juni, med foreldre, besteforeldre, oldeforeldre og andre familiemedlemer til stades. For foreldra Silje og Kjetil var det sjølv sagt stor stas å bere veslejenta si til dåpen, og stas var det også at Isabell vart døypt i dåpskjolen som tippoldemor Petra Sofie Frøyen sydde for 86 år sidan. Oldemor Annlaug tykte også det var kjekt at kjolen framleis er i bruk etter så mange år.

– Mor mi sydde kjolen då bror min Kåre skulle døypast, for 86 år sidan. Sidan har den vore brukt til over 80 dåpsbarn, både i familien og på utlån. Dåpskjolen har jamvel vore på utlån både i Bulandet, Askvoll og på Sunnmøre.

Isabell er dermed fjerde generasjon som brukar den nydelege dåpskjolen, som også oldemor Annlaug, hennar born og pappa Kjetil har brukt før henne.

Tekst og foto: Annbjørg Hauge Nygård.

Gamal julesong Annemor og Vesleper

Annemor og Vesleper veit at jolekveld det er, då dei joletre må ha, men kvar skal dei treet ta.

2. Skogen er så langt i frå, og dei kan han ikkje nå. Ute dei på vesle bein, far er burte mor er klein.
3. Anne tenkjer ut og inn, løysing då til sist ho finn, tek så fram ein kjøkenstol; Per no skal me halda jol.
4. Finn så fram ein limestubb, kanskje var det gryterubb, set så den på stolen ned, Per no har me joletre.
5. Tek så Anne Per i hand, no er dei i lykkeland. Syng så glad om «Arme små», «Glade jul» og «Himmel blå».
6. Monsemann og Tuppemor ser på leiken utan ord. Annemor og Vesleper gled seg no for jol det er.

Tekst: Ola Aurennes – Tone: Tordenskjold

SYNNØVE HAR FÅTT NY JOBB

Etter mange år i arbeid som lærar på skulen, og i kyrkjelyden på Davik har Synnøve Smørdal Wiik starta som kyrkjeverje på Nordfjordeid i nye Stad fellesråd.

– Dei største gledene på Davik var blant anna den store oppslutninga som GX hadde først på 2000 talet. Det var opp mot 30 ungdommar i ungdomsskulealder som var med i koret. Vi hadde det veldig kjekt ilag, med blant anna tur til Soul children festival i Oslo. Eg kom til Davik i 94, og begynte i barnekoret med Gro (Abildsnes) i 95 og blei involvert i konfirmantarbeid og barnearbeid. Det vart konfirmantleiar og arbeid ilag med presten samt med Britt (Mulelid) om trusopplæringa og fokus på å koordinere arbeidet på sørsida. Eg vaks opp i Volda og fekk sjå kor viktig eit godt kristent ungdomsmiljø er. En kunne være sliten etter jobb men det ga god mening å komme heim frå bedehuset etter ein GX kveld.

Synnøve fekk ei lita stilling i kyrkjelyden, og for nokre år sidan var den komme opp i 20%. Oppstarten av GX kom etter eit ønske om å skape eit vidi ungdomsarbeid og eit tilbod for unge i kyrkja. Viktig der var det å formidle trua på Jesus. Det har vore mi drivkraft seier Synnøve. GX var med på gudstenester i Ålfoten, Rugsund og Davik og seinare ble det eit godt samarbeid med Norvall (Klungresæter) som hadde ansvar for bandet. Ei tid tok dei også imot Ungdom i oppdrag, på det meste var dei 2 gonger i semesteret på besøk. Ho peiker også på at det til tider var ein travel kvardag, med 5 barn heime, innimellom også etterutdanning. Det var tider som var for travle, sett i etterkant. Å vaske på bedehuset ein sein kveld kunne bli strevsamt. Men alt i alt har Synnøve fått mykje igjen for arbeidet, men vi burde vært fleire leiare seier ho.

– Korleis var det å starte i ein heilt ny jobb som kyrkjeverje?

Det var spennande å begynne 1.januar i år. For eg trudde ikkje eg skulle gjere noko



anna enn å vere lærar. Stad er ein stor kommune med eit stort kyrkjeleg fellesråd så det har vore ein bratt læringskurve. Så håpar eg å vere med å byggje kyrkjelyd gjennom diakoniplan, trusopplæringa og kyrkjemusikkplan. Eg sitt med stort økonomisk ansvar men det skremmer ikkje meg. Merker at det går seg til etter kvart og det er mange kjekke arbeidsoppgåver. Trusopplæringa framover vil være viktig, for unge lærer ikkje så mykje på skulen lenger om kristendom. No jobbar eg ikkje på Davik lenger men eg vil framleis vere med i kyrkjelyden og på bedehuset. Folketalet går ned med færre på skulen, og ein ser ikkje lenger unge familiar engasjert i kyrkja. Og det er trasig at vi ikkje har elevar i vidaregåande alder heime i veka. Min generasjon, 50+ må komme seg ned frå fjella, å pleie egoet sitt er ikkje det einaste saliggjørende! Ver med å bygg kyrkjelyd, unge som gamle – er Synnøve sin store visjon.

DL

FRILUFTSGUDSTENESTE PÅ GLOFØYKJE



Rugsund sokneråd gratulerer familien Margrethe Oma og Marcus Lund Osdal og dåpsbarnet Tiril Osdal så mykje med den store dagen. Her saman med gudmor Brita Haugland (oldemor) og dei tre fadrane.

Det var ei fin og høgtideleg gudsteneste søndag 27. juni på tusenårsstaden til Bremanger kommune.

Gudstenesta vart leia av Sven Tore Relling, vikarpresten vår for sommaren, og Nornall organist bidrog som alltid med flott song og musikk.

Denne dagen var det barnedåp, og til tonane av «Ingen er så trygg i fare» kom heile det bunadskleddne følgjet langs sjøkanten. Flinke born hjelpte til med tekstlesinga, og gjorde det heile ekstra nært og personleg. Så vart vesle Tiril borene til dåpen av oldemor Brita Haugland i Rugsund. Og finare plass å bli teken opp i Guds rike skal ein leite lenge etter! Lunt og fint, grønt og frodig, der vi sat i fjærestoneane med den majestetiske Horneilen midt i mot oss på andre sida av Skatstraumen.

Tema for preika denne femte søndagen i treeiningstida var fjell, noko som passa godt

på denne historiske staden under den høgaste sjøklippa i Europa. Presten snakka om kor viktig det er å byggje huset på fjellgrunn. Det er viktig å ha eit godt fundament, enten det gjeld husbygging eller livet med Gud. Han slo eit slag for den trygge kvardagen, og avslutta med å lese dette verset av Matias Orheim:

«*Kvardagskristen vil eg vera,
syn for segn det krev Guds ord.
Samklang mellom liv og læra,
det er himmelsong på jord.
Som den djupe fjord kan greia
speglia himlen høg og blå,
skal ein kvardagskristen spreia
festglans kring det kvardagsgrå.»*

Det er alltid spennande å arrangere ei gudsteneste utandørs med tanke på været, men denne gongen klappa det! Sola gløtta fram mellom skyene, og dei om lag femti deltarane fekk ei flott stund!

Anne Kristoffersen

GUDSTENESTE MED LÅGT SKYDEKKE

– *Emmanuela Sepo Hakasenke, eg døyper i namnet til den tre-einige Gud, Faderen, Sonen og Den Heilage Ande. For at du skal tru på Herren Jesus Kristus. Deretter senka Stein Oltedal jente frå Luzaka under vatn, og ho fekk kristen dåp.*

Klokker kalla til gudsteneste ved Endalsvatnet, vel 300 m.o.h. Ved hjelp av to kubjøller lokka ein lokal klokkar fram klangen som var forbløffande lik den frå kyrkjetårnet, men i svakare styrke.

*Fagert er landet du oss gav.
Herre vår Gud og vår Fader.
Fagert det stig av blåe hav.
Soli ho sprett og ho glader.*

Salmesongen fekk støtte i sprø trekkspelet. Orgel til fjells vart for strabasiøst, så organist Norvall Klungresæter tok med trekkspelet.

Val av stad for gudstenesta ved fjellvatnet hadde si årsak. Ei ung jente frå Zambia ynskte dåp. Og den skulle skje med full ned-dykking.

KOM FRÅ ZAMBIA

Emmanuela og systra Martha kom til Norge i september 2019. I hovedstaden Lužaka tilhørde familien eit stort kyrkjesamfunn, der dåp var vanleg når borna var fylt tolv år. Reisa til Norge skjedde då Emmanuela var 10. I år fyller ho 12, og tida var inne. – Vi snakka om tida for dåp for Emmanuela i familien, og fann dåpen ved ned-dykking som bibelsk, seier Roger Sunde. – *Dåpen er omtala som rentselsesbad, og då var det naturlig å gjøre det slik. Men vi har også tru for dåp ved døypefont i kyrkja.*

NED-DYKKA I ENDALSVATNET

Sokneprest Stein Oltedal saman med familien beslutta dåp for Emmanuela i eit fjellvatn, kombinert med gudsteneste. Og det skjedde den 6. juni.

– Det er spesielt at ei ung jente på 12 år ynskjer å la seg døype, seier Oltedal. – Og det etter hennar frie vilje, med full ned-dykking.



Fullt vitande om at hennar val vil vekkje oppsikt. Det seier meg at hennar tru på Jesus er så viktig at dette ynskjer ho.

Mor til Emmanuela bad sokneprest Oltedal velsigna dåpsvatnet før handlinga. Dette var vanleg i Zambia. Og presten velsigna Endalsvatnet og bad Herren gjere det til ei nådekjelde, ei kjelde for nytt liv.



Vesle Aron Kolseth blei også dåypt 6.juni ved Endalsvatnet. Det er mor Sheryl Kolseth som held Aron og far Ronny Kolseth er ikkje langt unna.

Oltedal seier at han på førehand tenkte det vart iskaldt å vasste uti vatnet.
– Men, det var godt oppvarma etter fleire dagar med sol frå klår himmel, sa han etterpå.

KYRKJE UTAN VEGGER OG TAK

Natur og skaparverk kom så nær, utan vegger og avgrensing. Salmesongen utan ekko i adelfureplankane. Alt som hende vart nake og ekte, utan elektronikk.

Lyden av truvedkjennings for med vinden, knapt høyrbar. – Eg trur på Gud Fader, den Allmektige, som skapte himmel og jord. Likevel, kanskje med ei sterke oppleving av den Allmektige. Sansane drakk inn, suset i sivet, gratis fuglevitter. Under huda, heiter det.

Skaparen lyfte seg opp frå Davis-Salme 67 som lydde frå vasskanten, omgav dei som lydde. – *Gud velsigne oss! Gjev alle folk på jord må ottast han!*

Småbåra som skvalpa mot steinane, inn mot sivet, sluttar seg til, liksom. Og småkredene spratt etter fluger.

Soknepresten velsigna dåpsvatnet før den heilage handlinga, medan svanene på sørrenden av vatnet uforstyrra utfalda sin elegante kurtise. Skodda dreiv, opna for blå flekkar, utan sol. Midt i velsigninga gol gauken frå Vassnakken, bidrog med sin aksept, kanskje sitt amen?

LUTHERSK DÅP:

- Dåpen du forretta er vel ikkje typisk luthersk?
- I vår kyrkje er vaksendåp det same som barnedåp. Skilnaden er at her kan ein stille spørsmål direkte om vedkommande vil tru på Jesus, forklarer sokneprest Oltedal.
- For meg som prest gjev det meir meinig til dåpen når ynskje kjem frå den som søker dåp.

Kjell Askeland

Julekonserter

Davik kyrkje laurdag 11. desember kl.

17.00. Smalsarhorn og Davik musikk-lag. Solistar.

Rugsund kyrkje søndag 12. desember

kl. 16.00. Smalsarhorn og Davik mu-sikklag. Solistar.

Svelgen kapell søndag 19. desember

kl. 17.00. Svelgen skulemusikk og Svel-gen songlag. Solistar.

TREFF I KALVÅG BEDEHUS

Det har vore lenge mellom Treffa i Bedehus-kjellaren i lang tid no. Etter eit langt opphold, hadde vi eit Treff i juni, men så vart det stopp til november. Målet er å ha eit Treff i måna-den. Vi vonar at vi kan halde på det frå januar. Om det vanlegvis er pensjonistar som kjem innom, er Treffet ope for alle. Vi syng gode, gamle songar og les frå lokalhistorie eller andre ting. Vi har også med «Ord for dagen», og det er lov å ynskje seg ein song. Sjølvsgaht har vi kaffi/te og noko godt attåt, samtidig god tid til prat. Så er det åresal eller bingo. Av og til får vi besøk, gjerne med song og musikk. I juni var Linn og Tor Olav med. Vi startar kl. 17 og avsluttar til kl. 19. Stikk gjerne innom!

Marit Belseth

KLUBBANE I HAUST

Vi starta opp igjen med Sprell Levande på mandager i Bremanger og torsdag i Kalvåg. Nytt i haust var at vi tilbyr dei som er 4 år og oppover og får komme. Dei må sjølvsgaht ha med ein voksen, og då fungerer det fint. Vi de-leir då gruppa slik at dei over 3. klasse kjem etter at foreldra og dei små er gått heim. Vi lagar forskjellige hobby oppgåver, høyrer bi-belfortelling og sang og konkurranse. Helsing Irene og Britt, Kari og Olga. Kontakt leiarane for når det er klubb, sjå oppslag.

SVELGEN SANITETSLAG

Svelgen Sanitetsforeining vart stifta 28. oktober 1920 og fylte 100 år i oktober 2020. Grunna korona vart det inga markering da.

Dei første åra vart inntekta brukt til hjelpe for fattige familiær. Seinare stifta foreininga sjukestove der dei lønna ein sjukepleiar og kjøpte inn utstyr. Der var det og legekontor og barselseng for fødande kvinner.

I nyare tid vart det arbeidt for sjukeheim i Svelgen. Pengar vart avsett og på slutten av 70-talet vart sjuke- og aldersheimen på Naustneset ein realitet. Saniteten kjøpte også ein god del utstyr til sjukeheimen.

Norske Kvinners Sanitetsforening sitt valspråk er «komtanke i nærmiljøet». Svelgen Sanitetsforening har i alle år støtta helsestasjonen, ungdomsklubben, sjukeheimen, HVPU, barnehagen, skulen, samfunnshuset m.m. Hovudsatsinga til NKS er kvinnehelse, barn og unge. Det går mange millionar årlig frå NKS til forsking.

Foreninga har no 12 aktive medlem og arbeidar for å få yngre krefter inn i laget.

Solveig Myren, tidlegare leiar i Svelgen Sanitetsforening. Elisabeth R Nordbotten



Tre av damene i Svelgen sanitetsforening. Frå venstre: Liv Nybø, Solveig Myren og Aud Hessvik.

PÅMINNING – KYRKJEGARDAR OG GRAVPLASSANE

Minner om sortering av avfall på gravplassane. Følg dei oppsatte oppslaga som heng på gravplassen.

Batterilykter tek ein med seg å levere inn på egna plass. Sorter hageavfall, og kranser til jul må legges på rett plass. Bæsjeposer frå hundar tek ein med seg og kastar i egna avfall, ikkje i avfallet på gravplassen.

Helsing kyrkjekontoret



JULEKRUBBE I MIDTGULEN SOKN

Hausten 2020 vedtok soknerådet i Midtgulen å investere i ei julekrubbe til kapellet og kyrkja. Ho skal plasserast i Svelgen kapell i adventstida og så flyttast til Midtgulen kyrkje til 2. juledagsgudstenesta der.

Det var stor glede da vi fekk melding frå sanitetskvinnene, dei ville at figurane til julekrubba skulle vere ei gāve frå dei. I 100 år har denne foreninga gjort en flott innsats for folk i Svelgen, ei viktig brike i eit lokalsamfunn.

I tillegg fekk vi eit beløp frå Kjelkenes kvinne- og familielag.

Ekstra stas var det at ein av våre lokale handverkarar, Ottar Dahl tok på seg oppdraget med å lage stallen til figurane. Han ville bygge stallen med bindingsverkteknikk, solid gjennom generasjonar.

Tusen takk til alle bidragsytarar! Elisabeth R Nordbotten.

Midtgulen sokneråd



Ottar Dahl med den flotte julekrybba. No manglar berre julekrybbefigurane, så er den klar til julegudstestane i Svelgen kapell og Midtgulen kyrkje.



Konfirmasjon i Midtgulen 29. august. Sokneprest Stein Oltedal, Siren Kjørsvik, Mina Nathalie Eldstad og konfirmantlærer Britt Mulelid.



Konfirmasjon i Svelgen kapell 21. august kl. 11.00. Konfirmantlærer Britt Mulelid, Ronja Lyngstad Førde, Malin Gulestøl, Synne Førde Os, Tuva Myklebust og sokneprest Stein Oltedal.



Konfirmasjon i Svelgen kapell 21. august kl. 13. Sokneprest Stein Oltedal, Oda Midtbø, Hedda Heggelund Kjørsvik, Madelen Sagmo, konfirmantlærer Britt Mulelid. **2 rekke frå v.:** Simen Vågene, Hanne Styve, Simon Brekke Rebni.



**Konfirmasjon i
Frøya kyrkje
28. august.**

Frå venstre:

*Tommy Husabø Frøyen,
Anders Valaker
Melstvedt,
sokneprest
Dag Leirvik.*

Bak frå venstre:

*Sara Strømsøy Aga
Larsen, Aurora
Johannessen Langø,
konfirmant-
lærer Kari M Vadøy.*



**Konfirmasjon i
Bremanger
kyrkje 21. august.**

Frå venstre:

*Solveig Sofi Hauge,
Rakel Førde Værø,
Ulrikke Svarstad,
konfirmantlærer
Kari Melvær Vadøy.
Kasper Liseith Hauge,
Noah Igland Naustdal,
sokneprest Dag Leirvik.*





Konfirmasjon i Davik kyrkje 28. august. Sokneprest Stein Oltedal, Hauk Hatlenes, William Høgberg, Viktor Forsberg, Jørgine Sunde Sigdestad og konfirmantlærer Britt Mulelid



Konfirmasjon i Ålfoten kyrkje 21.august: Sokneprest Stein Oltedal, Anna Elise Førde, Karoline S. Sunde, Signe M. Førde, Theodor Sparvath, André Sande, Elias Myklebust og konfirmantlærer Britt Mulelid.



**Konfirmasjon i
Rugsund
kyrkje 21. august.**

Frå venstre:
sokneprest
Stein Oltedal,
Solveig Sofi Hauge,
Rakel Førde Værø,
Ulrikke Svarstad og
konfirmantlærer
Britt Mulelid.



Konfirmasjon i Svelgen 22. mai. Thirza Van Dijken og sokneprest Stein Oltedal



Konfirmasjon i Davik kyrkje 13.mai. Sokneprest Stein Oltedal og Martha Hakasenke.

BRUK GJENBRUK ! AV ASBJØRN GJENGEDAL



Det er vel verd å gå inn i den lyse, trivelege butikken i Eidsgata 5 på Eid. Der er fullt av fine og nyttige varer til rimeleg pris. Og så er der vennlege menneske som står til teneste. Dei arbeider gratis for NMS Gjenbruk Nordfjord. Leiar for dette tiltaket er Annlaug Hole Nygård. Vi får stille henne nokre spørsmål om dette tiltaket.

MEDARBEIDARAR

– Kvifor har du gått inn i denne tenesta?

Eg var med i foreininga til Det Norske Misjonsselskap (NMS) i Hornindal. For nokre år sidan fekk vi spørsmål om å vere med og opne ein gjenbruksbutikk for NMS på Eid. Eg visste det var forpliktande å seie ja til det. Men eg kjende det var noko eg hadde hug til. Som pensjonist ville eg halde fram og gjere ein innsats med meinings i. Samstundes ville eg få ordne med bruk av tid slik det høvde med tanke på andre oppgåver. Her ville eg oppleve fellesskap med andre som hadde same interesser. Eg har alltid hatt interesse for gammalt og brukt. Sidan NMS Gjenbruk Nordfjord kom i gang i 2014 har eg til fulle fått innfridd mine forventningar!

– Kven har du med deg? Naturleg nok er dei fleste medarbeidarane pensionistar. Somme av dei har vore med i misjonsforeiningar, men mange har ikkje vore med i arbeid for NMS tidlegare. Ulik bakgrunn er ein styrke. Vi har eit triveleg fellesskap og deler glede i dette meiningsfulle arbeidet. Nokre dagar i sommar var det oppmuntrande å ha nokre ungdomar med! Om dei ikkje tente pengar, fekk dei arbeidsattest. Den kan kome vel med – i tillegg til gleda over å stå til teneste for menneske og miljø.

– Kor mange er de? Vi er om lag tretti personar, som har sett seg opp med høveleg mange timer på arbeidslistene. Det er gledeleg at også i «koronatida» har vi greidd å unngå lange periodar med stenging. Takk og honnør til dei som heldt butikken i gang! Trass i Covid 19 gjennomførte vi flytting og opna den nye butikken i Eidsgata 5 i september 2020, ein stor innsats det òg.

– Kva oppgåver har de, og korleis deler de dei? Der er hender som tar imot, reparerer, pussar, vaskar, ordnar, priser, stiller ut, pakkar inn, brukar kassa, hentar og bringar varer i butikkens bil og yter service til kundane. Styret samordnar og har ansvaret.

– De treng fleire medarbeidarar; korleis får de dei med og gjev dei høveleg innføring? Ja, vi skulle gjerne vere mange fleire! Her gjeld det å få fram at langt frå alle må stå i kassa eller svare på telefonar. Og ein treng ikkje binde seg til mange timer i veka og lang tid frametter. Det meste er praktiske oppgåver som ein kan velje mellom og samarbeide om. Den som vil prøve denne tenesta, får innføring etter eit oppsett program og god hjelpe til å kome i gang. Så vil ein truleg kjenne at dette gjev meirsmak! Det gjeld også for menn som vil gjere ein innsats under mottoet vårt: **Miljø, Misjon og Møteplass.**

– Kva slags varer tar de imot for sal? Stort sett er det alle slags varer som kan vere til nytte og glede i ein heim, alt frå dekketøy til møblar. Men vi sel ikkje klede. Av plassomsyn kan vi ikkje ta imot senger og madrassar. Krav til tryggleik gjer at heller ikkje barnesete til bil, kvitevarer og elektrisk utstyr elles, med unntak av lamper, er med i utvalet.

– Kva med kvalitetten? Vi blir ofte imponeerte over kor verdfulle og vakre varer folk gjev inn til gjenbruk. **Tusen takk til alle rause gjevarar!** Varene må må vere heile, reine og lette å omsetje. Vi set pris på at folk tar kontakt med butikken før dei kjem med varer. Dag og tid for levering av møblar må avtalast

FRILUFTSGUDSTENESTE I BERLE 1. AUGUST



I strålende sol og plystrande nordavind kunne prest Dag Leirvik ønskje velkommen til gudstjeneste i fjærsteinane i Berle. Orgelbrus og klokkeklang var bytt ut med trekkspeltonar, båreskulp, og den sprø lyden frå ei gammal skipsklokke. Preika for dagen handla om tilgjeving, ikkje berre frå Gud, men det å kunne tilgje kvarandre. Menneska har fått to store gåver: Kjærleik og tilgjeving. Jesus er teiknet på både kjærleik og tilgjeving, og gjev menneska nytt håp.

Anne Kristoffersen

på førehand. **Mottak kan berre skje når butikken er open.** Ein medarbeidar vil då gå igjennom og sjå til at varene høver for sal. Butikken sin varebil kan både hente og bringe varer, om det er naudsynt. Meir informasjon kan finnast på facebook-sida til NMS Gjenbruk Nordfjord. Telefonnummeret til butikken er 404 45 420.


PENGAR TIL MISJON

– **Kvifor skal vi handle på NMS Gjenbruk?** Gjenbruk er ein livsviktig innsats mot sløsing og misbruk av ressursane på jorda. Stadig fleire ser det. Mange ser òg at dette er i pakt med det synet på Guds skaparverk som kristen misjon alltid har halde fram.

– **Korleis går det med omsetninga?** Trass

i pandemien og avkorta opningstid ser vi oppmuntrande tal. I juli månad selde vi varer for nesten hundre tusen kroner! Saman med dei om lag femti andre butikkane hadde NMS gjenbruk ei omsetning på sekstifire millionar i 2020. Om leige av lokale og andre driftskostnader må trekkast frå, er dette ein viktig del av inntektene til Det Norske Misjonsseksjon. Talet på misjonsforeiningar har minna mykje, men no er tusentals medarbeidrarar på gjenbruksbutikkane komne til! Såleis greier NMS å tilpassa seg ei verd i forandring. Vi vil halde fram med å dele trua på Jesus, kjempe mot urett og utsrydde fattigdom. Med slik innsats er NMS ein viktig del av Den Norske Kyrkja sin plass i verda.

FRILUFTSGUDSTENESTE I SMØRHAMN



Friluftsgudstenesta i Smørhamn 27.juni. Sokneprest Dag Leirvik og Kari Melvær Vadøy.

Til klangen av skipsklokka frå MB «Tryggen», skøyta som eingong var i Kari og Knut Arne Vadøy sitt eige, vart det kalla til gudstenesta i friluft ved dei gamle sjøhusa i Smørhamn. Ramma rundt gudstenesta var den aller beste; det vakre naturlandskapet rundt den idylliske hamna, og regnet som hadde teke pause frå dagen i førevegen.

Sokneprest Dag Leirvik helsa kyrkjelyden velkomne til gudstenesta denne siste søndagen i juni, der tekstlesinga var henta frå Mat. 7, 21–29 om å bygge huset sitt på fjell. Då står det støtt. I preika si snakka presten

om fellesskap, og kyrkja som ein open plass for alle verdens folk.

Salmesongen var som vanleg til tonefylge av kantor Jarle Grotle, og Ingvill Førde Torvanger deltok med solosang etter takkofferet. Ho framførte «Guds kjærleik er som stranda og som graset», ein salme som passa godt inn i gudstenestebiletet akkurat denne søndagen.

Etter gudstenesta serverte soknerådet kyrkjekaffi og sjokolade, og drøsen gjekk godt på kyrkjebakken, slik den har gjort i uminnelege tider.

Annbjørg Nygård

BASAR

Kalvåg bedehus 21. november. Endeleg bedehusbasar igjen. Kaffesalg og program kl. 17.30. Andakt v Leirvik.

Hauge bedehus 28. november, 1. søndag i advent kl. 17.00. Salg av kaker og kaffi frå kl. 16.00. Andakt v Dag Leirvik. Åresal og trekking av listene.

Arr.: Bremanger Indremisjon

GRAVFERD I KORONA TIDA

For mange har det vore vanskeleg å ha gravferd i Koronatida. Med alle dei ulike restriksjonane som vi har møtt. Hos Nore begravelsesbyrå i Måløy, seier Kenneth Nore at det har vært ei utfordrande tid men samtidig er gravferder utført på ein verdig måte trass i ulike Koronaregler.

– Dei største utfordringane for dei på-rørande er vel det at dei har måttå avgrense talet på besökande i kyrkja og ved minnestund. Og så har det vært vanskeleg det der med avstandskrav og mangel på fysisk kontakt. Handhelsing og gje klemmer var ikkje lov. Då Koronareglane var på sitt strengaste var det nokon gong strevsamt for familien å velje kven som skulle få lov til å vere med i kyrkja under gravferda. No er det heldigvis tilbake til slik det var før pandemien, utan restriksjonar i kyrkja, det er godt for dei på-rørande.



Mest vondt var det nok for dei aller nærmeste som ikkje kunne vere til stades. For barn til de gravlagde som til dømes bur i Sverige, Danmark, eller andre stader i utlandet. Alle kjenner det er godt å vere tilbake til normalen, og så ser vi samstundes ut, et stykke unna Bremanger, så lever ennå pandemien og lager grenser for våre liv.

JULEKONSERTAR

Bremanger kyrkje laurdag 4. desember kl. 1630.

Bremanger musikklag og Bremanger kammerkor.

Inngang: 250/100 kr.

Frøya kyrkje laurdag 18. desember kl. 17.00.


Kalvåg musikklag, Kalvåg skulemusikk,

Kalvåg songlag, barnekoret.

Bremanger kyrkje søndag 19. desember kl. 17.00.

Bremanger kammerkor, Bremanger skulemusikk,

Bremanger musikklag.



VELKOMEN TIL KYRKJE

BERLE KYRKJE:

28.11.21	11.00	1 s advent. v Leirvik
24.12.21	13.00	Julaftagudsteneste v Leirvik
02.01.22	11.00	Vi syng jula ut. v Leirvik,
20.02.22	14.00	Gudsteneste v Leirvik Kyrkjelydens årsmøte
10.04.22	11.00	Palmesøndag v Leirvik
17.04.22	14.00	Påskedag v Leirvik
08.05.22	11.00	Gudsteneste v Leirvik
05.06.22	14.00	Pinsedag v Leirvik



BREMANGER KYRKJE:

12.12.21	11.00	Lysmesse 2.s advent v Leirvik og konfirmantane
25.12.21	12.00	1. juledag v Leirvik
31.12.21	16.00	Nyttårsafta v Leirvik
16.01.22	11.00	Gudsteneste v Leirvik
30.01.22	11.00	Gudsteneste v Leirvik. Utdeling av biblar til 5. klasse
20.02.22	11.00	Gudsteneste
06.03.22	11.00	Gudsteneste v Leirvik. Kyrkjelydens årsmøte
27.03.22	11.00	Gudsteneste v Rolf Gunnar Heitmann
15.04.22	11.00	Langfredagsgudsteneste v Leirvik
18.04.22	11.00	Gudsteneste 2. påskedag v Leirvik
08.05.22	16.00	Gudsteneste v Leirvik. Utdeling av 3.årsbibel
17.05.22	12.15	17. maigudsteneste v Leirvik
21.05.22	12.00	Konfirmasjon v Leirvik
26.05.22	11.00	Helgetorsdag v Leirvik
06.06.22	11.00	Gudsteneste 2. pinsedag v Leirvik
26.06.22	11.00	Friluftsgudsteneste v Leirvik

PRESERVE SUNDAY AFTER THREE
LET THOU, DEAR HUSBAND, THIS SAME DAY,
BE IT OF GRACE OR OF DISCRETION,
LOVED AND LOVING HUSBAND, THIS SPIRIT
LIVE IN THY MIND AND HEART. FOR I
THINK THEREON TO THE WISH, THAT WE
MIGHT HAVE THE SPIRIT OF KNOWING SAME SPIRIT
WE ARE FED UPON BY THE WORDS
OF LEARNED MEN, OF SPREADING OF SPIRIT
TO ANOTHER, AND OF TONGUE. BUT
CONSIDERATION AND THE SELF-SAME,
THAT MAN SOLELY AS HE WILL
EVER MAN SOLELY AS HE WILL
CARE THEREON.

AND WHEN HE WAS COME
KNOWN, EVEN THOU, AT LEAST
THINGS WHICH BELONG UNTO
THEY HAD FROM THENCE,
SHALL COME UPON THEM IN
CASE A TRENCH ABOUE THE
ROUND AND KEEPE THEM IN
LAY THOSE EVEN WITH THE
EGGS UPON ANOTHER,
ONE STONE UPON ANOTHER,
NOT THE CASE OF THY
INTO THE TEMPLE, AND THEN
OLD THOSE, WHICH

RUGSUND KYRKJE:

28.11.21	11.00	1.s advent v Oltedal
24.12.21	13.00	Julaftagudsteneste v Britt Mulelid
06.02.22	11.00	Gudsteneste v Oltedal. Utdeling av biblar til 5. klasse
13.03.22	13.00	Gudsteneste v Oltedal. Kyrkjelydens årsmøte. Utdeling av 3-årsbibel
14.04.22	20.00	Gudsteneste skjærtorsdag v Oltedal
24.04.22	13.00	Gudsteneste v Oltedal
17.05.22	15.00	17. mai-gudsteneste v Oltedal
05.06.22	13.00	Konfirmasjon v Oltedal

MIDTGULEN KYRKJE:

05.12.21	11.00	2.s advent. Dåp v Oltedal
26.12.22	12.00	Julegudsteneste 2. juledag v Sven Tore Relling
06.02.22	13.00	Gudsteneste v Oltedal. Utdeling av biblar til 3. – 4. klasse
13.03.22	11.00	Gudsteneste v Oltedal
17.04.22	16.00	Gudsteneste 1. påskedag v Oltedal
15.05.22	11.00	Gudsteneste v Oltedal
28.05.22	12.00	Konfirmasjon v Oltedal

FRØYA KYRKJE:

05.12.21	18.00	Lysmesse 1.s advent v Leirvik og konfirmantane
24.12.21	15.00	Julaftengudsteneste v Leirvik
02.01.22	16.00	Vi syng jula ut, v Leirvik
23.01.22	11.00	Gudsteneste v Leirvik
13.02.22	11.00	Gudsteneste v Leirvik. Utdeling av biblar til 5. klasse
27.02.22	11.00	Gudsteneste v Leirvik. Kyrkjelydens årsmøte
27.03.22	16.00	Gudsteneste v Rolf Gunnar Heitmann
14.04.22	18.00	Gudsteneste. Skjærtorsdag v Leirvik
17.04.22	11.00	Gudsteneste. 1. påskedag v Leirvik
01.05.22	11.00	Gudsteneste v Leirvik. Utdeling av 3 årsbibel
17.05.22	10.00	17.maigudsteneste v Leirvik
28.05.22	12.00	Konfirmasjon v Leirvik
05.06.22	11.00	Gudsteneste. 1. pinsedag v Leirvik

SVELGEN KAPELL:

28.11.21	18.00	1.s advent Lysmesse v Oltedal og konfirmantane
24.12.21	15.00	Julaftagudsteneste v Britt Mulelid
31.12.21	16.00	Svelgen omsorgssenter v Sven Tore Relling
09.01.22	11.00	Gudsteneste v Sven Tore Relling
13.02.22	16.00	Gudsteneste. Utdeling av biblar til 5. klasse
06.03.22	18.00	Gudsteneste v Oltedal. Kyrkjelydens årsmøte og naturkveld.
10.04.22	11.00	Gudsteneste v Oltedal. Frukost kl. 10.00. Utdeling 3-årsbibel
15.04.22	19.00	Gudsteneste langfredag v Oltedal
24.04.22	11.00	Gudsteneste v Oltedal
17.05.22	11.00	17. maigudsteneste v Oltedal
04.06.22	12.00	Konfirmasjon v Oltedal
19.06.22	12.00	Friluftsgudsteneste Myklebustsetra v Oltedal

DAVIK KYRKJE:

05.12.21	11.00	Gudsteneste. 2. søndag i advent v Oltedal
25.12.21	11.00	1. juledag v Sven Tore Relling
31.12.21	20.00	Nyttårsafta v Sven Tore Relling
23.01.22	13.00	Gudsteneste v Oltedal
13.02.22	11.00	Gudsteneste. Biblar til 5. kl. v Oltedal
06.03.22	16.00	Gudsteneste v Oltedal. Kyrkjelydens årsmøte
27.03.22	11.00	Gudsteneste v Oltedal. Biblar til 3-åringane
17.04.22	11.00	Gudsteneste 1. påskedag v Oltedal
17.05.22	13.00	17. maigudsteneste v Oltedal
26.05.22	11.00	Helgetorsdag v Oltedal
05.06.22	11.00	Konfirmasjon v Oltedal
19.06.22	11.00	Gudsteneste v Oltedal

ÅLFOTEN KYRKJE:

12.12.21	11.00	2.s advent Gudsteneste med Ålfoten skule og Oltedal
25.12.21	13.00	Gudsteneste 1. juledag v Sven Tore Relling
23.01.22	11.00	Gudsteneste v Oltedal biblar til 1-4.klasse.
27.02.22	16.00	Gudsteneste v Leirvik. Kyrkjelydens årsmøte.
10.04.22	14.00	Gudsteneste v Oltedal. Utdeling av biblar til 5. klasse og 3-årsbibel
15.05.22	13.00	Gudsteneste v Oltedal
29.05.22	11.00	Gudsteneste v Oltedal
19.06.22	12.00	Friluftsgudsteneste Myklebustsetra v Oltedal

Døpte

**BERLE SOKN:**

- 13.06. Astrid Kingswick Rylandsholm (Loddefjord)
24.10. Vetle Hagen Solvang (Laksevåg)
24.10. Sebastian Igland Eikeset

BREMANGER SOKN:

- 22.05. Hailey Huston-Edler (Måløy)
27.06. Isabell Mikarsen Førde
11.07. Iben Hauge Frøyen
16.07. Mia Senneset Ask
01.08. Tale Nygård Igland
01.08. Dagny Ingebjørg Midtbø (Nesodden)
17.10. Melissa Grotle
17.10. Krisander Silva Silkebækken
17.10. Elias Silva Silkebækken

DAVIK SOKN:

- 06.06. Emmanuela Sepo Hakasenke
06.06. Aron Kolseth

FRØYA SOKN:

- 10.10. Sigrid Sundsøy Grotle (Knarrevik)
31.10. Ine Fredlund Mundal
31.10. Ellie Barmen Kvam (Sogndal)

MIDTGULEN SOKN:

- 13.06. Ellie Johanne Sande Vårdal
13.06. Thea Landro Langeland
05.09. Aleksander Rogne Senneset

RUGSUND SOKN:

- 27.06. Tiril Osdal (Volda)
15.08. Lars Solvang

ÅLFOTEN SOKN:

- 24.10. Sara Louise Morcilla Verlo

Oigde

**BREMANGER SOKN:**

- 17.07. Karin Marit Fossheim og Kjell Sørland
14.08. Sima-Therese Førde og Kjetil Sandvik Kvalheim

*Støtt
kyrkjebladet!
Vipps 696974*

Gravlagde

**BERLE SOKN:**

- 25.06. Rune Helge Rylandsholm f. 1952
14.09. Steinar Normann Skram f. 1947

BREMANGER SOKN:

- 02.06. Håkon Sverre Nygård f. 1944
07.07. Rita Grotle-Hansen f. 1951
22.09. Jonfrid Nygård f. 1934
28.09. Kåre Villy Eikeset f. 1946
01.10. Kåre Ingolf Kristiansen f. 1928
28.10. Ole Henning Førde f. 1939
02.11. Anny Grotle f. 1928

DAVIK SOKN:

- 14.05. Oddvar Midtkandal f. 1947
10.08. Malene Petra Dombestein f. 1919
08.09. Karolina Sunde f. 1934
09.09. Henny Lillebø f. 1926
17.09. Arne Daviknes f. 1958

FRØYA SOKN:

- 29.10. Alvild Røys Frøyen f. 1934

MIDTGULEN SOKN:

- 19.05. Jan Erik Strømmen f. 1949
11.06. Berit Randi Gulestøl f. 1934
18.06. Gunnar Yttrehus f. 1952
22.06. Trygve Sortevik f. 1935
24.06. Peder Jørgen Aspenes f. 1930
06.07. Reidar Øyvind Myklebust f. 1933
09.07. Åse Berit Frøyen f. 1933
09.07. Roald Solheim f. 1953
21.07. Steinar Holger Hamre f. 1953
21.07. Torfinn Øvrebotten f. 1932
12.08. Else Ingrid Tansøy f. 1935
13.08. Anna Svarstad f. 1928
17.08. Bjørn Are Yttrehus f. 1948
10.09. Margot Oline Nødset f. 1930
22.10. Bjørn Magne Sandvik f. 1960

RUGSUND SOKN:

- 15.06. Kari Johanne Ødegård Elde f. 1943
19.07. Toralv Joar Nygård f. 1932
04.08. Evald Hartvigsen f. 1947

ÅLFOTEN SOKN:

- 20.07. Anne Marie Midthjell f. 1940

JULETREFESTAR

Endal – Den tradisjonsrike julefesten på Endals gamle skule 4. juledag kjem att. Dei spreke damene ved Anne Sofie og Grethe med fleire veit ikkje pr. dd korleis det blir i år. Sjå lokale kunngjeringar.

Davik bedehus – sjå oppslag på butikken og facebook.

Kalvåg bedehus – **27. desember, 3. juledag kl. 17.00.** Tradisjonsrik juletrefest for små og store. **Arrangør:** bedehuset og soknerådet.

Bremanger Hauge bedehus – **29. desember, 5. juledag kl. 17.30** for heile familien, små og store, unge og eldre. Frelsesarmein i Måløy deltek. Andakt, allsang og gang rundt juletreet. Nissen er invitert.
Arrangør: Bremanger Indremisjon



Namn · tid · stad

www.kyrkja.no/bremanger

SVELGEN KYRKJEKONTOR (rådhuset 1. etg.): Tlf. 916 10 469

Kyrkjeverje Bjarki Asgeir Hrafnsson – tlf. 91 70 65 95
bjarki.hrafnsson@bremanger.kommune.no

Bjarki Asgeir er tilgjengeleg på kyrkjekontoret i Svelgen mandag, onsdag og fredag og på kyrkjekontoret i Kalvåg tysdag og torsdag.

Stein Oltedal, fungerande sokneprest i Indre Bremanger – tlf. 970 08 600
stein.oltedal@bremanger.kommune.no

Britt D. Mulelid, saksbehandler/trusopplæring – tlf. 916 39 340
britt.mulelid@bremanger.kommune.no

BREMANGER KYRKJEKONTOR, KALVÅG

Dag Leirvik, sokneprest i Berle, Bremanger og Frøya – tlf. 917 32 150
dag.leirvik@bremanger.kommune.no

Marit Steinset, kontormedarbeidar, tlf. 908 05 835, marit.steinset2@bremanger.kommune.no
Onsdag kl. 08.00-10.00 og fredag kl. 08.00-15.30.

Dersom du ynskjer ein samtale med presten utan å bli uroa av andre, så ring og avtal på førehand.

KYRKJEBLADET FOR BREMANGER

Ansvarleg redaktør: Dag Leirvik. **Kasserar:** Asbjørn Førde, 6727 Bremanger.

Redaksjonsmedarbeidarar: Marit Steinset og Britt D. Mulelid. I tillegg har kvart sokneråd ein representant som er ansvarleg for å samle inn stoff til bladet frå eige sokn.

Utgjevar: Sokneråda i Bremanger. Økonomien er basert på frivillige gåver.

Vipps kyrkjebladet 696974. Bankgironummer: 3776.20.58139

Grafisk produksjon: Natvik, Florø

Du finn no «Kyrkjene i Bremanger» på Facebook!





KONFIRMANTLEIR PÅ FJORDLY



3.–4. september var dei nye konfirmandane samla på Fjordly. Som bildet viser litt trøtt start på laurdag, men det var kjekt å komme i gang med det nye konfirmandåret. 30 konfirmandar er med dette året. Til samlingar i Ytre og Indre, samt felles konfirmanddag for Nordfjordkonfirmandane på Eid. Planen er også ein fredag – laurdagsleir på Fjordly i januar.

Returadresse: Svelgen Kyrkjekontor, Rådhushuset, 6723 Svelgen

Bestilling, oppseiningar av Kyrkjebladet for Bremanger skal gå til:
Svelgen kyrkjekontor (Rådhushuset 1. etg.), tlf. 916 10 469
britt.mulelid@bremanger.kommune.no